

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Tove Iren Skaar
Arkivsaksnr.: 17/109 - 29

Arkiv: 223 C

Planlagt behandling:

Formannskapet

TILSKOT 4H LANDSLEIR 2018

Bakgrunn for saka:

4H har søkt om tilskot til landsleir på Øksnevad 21.- 28. juli 2018. Arrangøren reknar med om lag 2000 deltakarar mellom 14 og 25 år.

Fokuset for landsleiren vil vere på nærmiljø, eigen identitet, Rogaland som mat- og landbruksfylke, med meir. Landsleiren har eit totalbudsjett på ca 4 millionar. Det er budsjettert med 500.000 i sponsor- og tilskotsinntekter.

Det blir søkt Klepp kommune om tilskot med kr 50.000. Budsjett følgjer vedlagt.

Vurdering:

4H arbeider med å utvikle aktiv og samfunnsengasjert ungdom med ansvarsfølelse og respekt for natur og menneskje. Landbruksnæringane og lokalmiljøet er grunnpilarane for arbeidet i organisasjonen.

Saker som gjeld støtte til lokale arrangement er lagt til LU. Støtte til større regionale, nasjonale m.m. arrangement ligg til formannskapet. Formannskapet har dei siste par åra ytt tilskot til andre arrangement av ein viss storleik; Tour des fjords, Eurosurf m.m.

Rådmannen vurderer et positivt at 4H ønskjer å arrangera landsleiren 2018 i Klepp. Klepp bør, som landsbrukskommune, vera ein naturleg arrangementsarena for nettopp ein 4H landsleir. Lokalisering av landsleiren til Klepp vil vera eit positivt bidrag til aktivitetsmangfaldet i Klepp sommaren 2018.

Vedlegg: søknad om støtte til 4H-landsleir 2018

Innstilling:

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

1. Formannskapet ser positivt på søknaden og støttar 4H sin landsleir på Øksnevad 2018 med kr 50.000,-.
2. Tilskotet blir finansiert ved bruk av formannskapet sin tilskotspost.

Rådmannen i Klepp 16.11.2017

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.